

Plenumsmøte i Europaparlamentet: Debatt, resolusjon og tiltak knytt til covid-19

20. april 2020

- *Europaparlamentet ga samråystes samtykke til økonomiske tiltakspakker knytt til helse og fleksibel bruk av utjamningsmidla, men tek samstundes til orde for fleire støttetiltak.*
- *Europaparlamentet vedtok resolusjon om koronakrisa, men usemje om m.a. felles gjeldsansvar, rettsstat og prioritering mellom miljøtiltak og andre tiltak etter krisa.*
- *Europaparlamentet ynskjer betre beredskap, styrka samarbeid og meir kompetanse på fellesskapsnivå for å møte framtidige grensekryssande helsekriser.*
- *Kommisjonen seier EUs langtidsbudsjett vil bli det viktigaste verkemiddelet for økonomisk gjenreising og kjem med eit revidert framlegg i slutten av april.*
- *Europaparlamentet har færre og kortare plenumsmøte fram til sommaren, arbeider for meir normalt aktivitet, men har ennå ikkje fått plass løysingar for avrøysting på komiténivå.*

Plenumsdebatt om kornoakrisa

Plenum i Europaparlamentet debatterte koronakrisa torsdag i førre veke.

Parlamentspresident David Sassoli uttrykte solidaritet med dei som er råka og takka dei som bidrar til at samfunnet fungerer i ein vanskeleg situasjon. Han tok til orde for koordinert og ordna exit frå krisa og understreka at det er viktig å sørge for å halde demokratiet levande også i ei krisetid.

Både, Charles Michel, president i Det europeiske råd, og Ursula von der Leyen, president i Europakommisjonen, deltok i debatten. Michel understreka det eksepsjonelle i situasjon og viste til at det nå har vore halde tre europeiske toppmøte via videokonferansar (og eit fjerde kjem 23. april). Det primære er å stoppe spreia av viruset, men han snakka også om vegen vidare. Den må i stor grad bygge på eksisterande politikk og planar. Det omfattar å styrke den indre marknaden og gjennomføre den digitale dagsorden. EU må arbeide vidare med industristrategien og den sirkulære økonomien og langtidsbudsjettet blir enda viktigare. EU vil også arbeide globalt, inkludert gjennom investeringspartnarskapet med Afrika som alt vart lansert før krisa. I tillegg må EU styrke prosedyrar for vedtak og samarbeid. Konferansen om EUs framtid som etter planen skulle starte 9. mai, må fokusere på dette.

Ursula von der Leyen innleia med å takke alle som bidrar i krisa og heidra alle offera ved å trekke fram ei rekke enkeltpersonar som har døydd som følgje av viruset. Med adresse til dei som har meint EU har gjort for lite for seint, innrømte ho at EU ikkje hadde gjort nok i den tidlege fasen. Det er viktig å vere ærleg om kva som har gått galt, men enda viktigare er det å lære av feila. Det har i stor grad skjedd allereie. Nå står Europa saman og mykje helsehjelp går på kryss og tvers mellom EU-land. Alle frie middel går til å avhjelpe krisa, bl.a. innkjøp av smittevernustyr og respiratorar i dei landa som er hardast råka. Viruset vil føre til den største økonomiske krisa EU har opplevd. Ho mana til samhald og til å leggje gamal usemje bak seg for å kunne takle dette. Etter krisa må samfunnet bli meir berekraftig og motstandsdyktig. Dette vil krevje store, grøne og digitale investeringar og det viktigaste verktøyet for dette er EUs langtidsbudsjett, sa von der Leyen. Det er venta at Kommisjonen vil kome med eit revidert framlegg til langtidsbudsjett for perioden 2021-2027 i slutten av april.

Debatten etterpå var prega av stor oppslutning om dei breie linene som Michel og von der Leyen hadde dratt opp, men mange tok til orde for ein sterkare og meir sameint respons frå EU. Dette kom også fram i ein resolusjon som vart vedteke fredag ettermiddag (sjå nedanfor). Samstundes minna denne debatten om plenumsdebatten før påske der dei ulike politiske gruppene bruker koronakrisa som grunngjeving for velkjende standpunkt.

Både sentrum høgre (EPP) og sentrum venstre (S&D) erkjente at EU ikkje hadde handla raskt nok og stått samla nok. Det ber vi om orsaking for, sa til dømes EPP. Den liberale gruppa (Renew) understreka at EU må lære av krisa og vere betre budd neste gong. Fleire understreka behov for auka europeisk produksjon av verneutstyr og kritiske medisinar og tok avstand frå presidents Trump stans i utbetalingane til Verdas helseorganisasjon. Det vart også understreka at krisa ikkje må brukast til å svekke demokratiet og åtvara mot falske nyheiter. Det vart til dømes avvist at Russland har gjeve meir hjelpe til enkelte EU-land, enn det EU har gjort. Ein del var uroa for personvern knytt til smittesporingsappar.

Dei grøne og ytre venstre (GUE/NGL) understreka behovet for å hjelpe dei som har det spesielt vanskeleg, inkludert heimlause, fattige og flyktningar. Det er også viktig å styrke europeisk helsevesen som har lidd under sparepolitikken det siste tiåret. Dei grøne meinte Nederlands motstand mot europeisering av gjeld (koronaobligasjonar) står i grell kontrast til at landet i praksis er eit skatteparadis. GUE/NGL ville sikre at ingen gjer profitt på ein vaksine mot covid-19 når den kjem.

Den konservative gruppa (ECR) gjentok at økonomisk gjenreising må få prioritet over klimatiltak. Ein MEP frå Aust-Europa skulda vest-europeiske land for dobbeltmoral knytt til EUs mobilitetspakke som vart formelt godkjent i Rådet førre veke. Samstundes som landa i vest har fått gjennomslag for å avgrense tilgangen sjåførar frå aust har til marknaden i vest, er dei nå desperate etter at dei sama sjåførane skal gjennomføre transportoppdrag i vest under krisa, sa han.

Visepresident Maroš Šefčovič, sa i sluttinnlegg frå Kommisjonen at EU har lært av krisa og at det er behov for raskare og meir sameint handling. Han understreka at Kommisjonen er opptatt av tiltak mot falske nyheiter og av å sikre rettsstatsprinsippa. Det blir arbeida med ein europeisk versjon av ein smittesporingsapp og understreka at målet er å spore virus og ikkje enkeltmenneske. Slike verktøy skal vere frivillige, sikre anonymitet og respektere personvernreglane sa han. Sjå også [omtale av Kommisjonens retningsliner for bruk av sporingappar](#) i Stortingets EU/EØS-nytt 16. april i år.

Resolusjon og krisetiltak

Parlamentet vedtok torsdag og fredag ei rekke krisetiltak og ein resolusjon om krisa og vidare tiltak for å avhjelpe den, jf. også [pressemeldinga frå Europaparlamentet](#). Det var i praksis samrøystes vedtak av krisetiltaka, der nær 700 (av i alt 705) representantar støtta tiltaka og knapt nokon stemte i mot eller blankt. Det var meir usemje om innhaldet i resolusjonen som til slutt vart vedteke med 395 mot 171 røyster og 128 stemte blankt.

Utkastet var lagt fram av fire av dei fem største gruppene (EPP, S&D, Renew og Dei grøne) i fellesskap, men mange av Dei grøne å røysta mot den endelege resolusjonen. Dei tre andre gruppene hadde lagt vekt på å vise samhald ved å kome med få endringsframlegg. Jamvel om resolusjonen tek til orde for gjenreisingsobligasjonar (recovery bonds), meinte Dei grøne den ikkje gjekk langt nok i å støtte framlegget til det dei kalla reelle europeiske obligasjonar. Sidan sidan Italia er eit av landa som slike obligasjonar er meint å hjelpe, vart det lagt merke til at italienske MEP frå både ytre høgre (ID) og sentrum høgre (EPP) røysta mot ordlyden Dei grøne hadde gjort framlegg om på dette punktet. Dei grøne fekk elles støtte til endringsframlegg som understreka behovet for bistand til spesielt utsette grupper. Den konservative gruppa (ECR) fekk ikkje gjennomslag for eit endringsframlegg som tok til orde for at nye initiativ (dvs. klimatiltak) må utsettas dersom dei fører til auka økonomiske byrder for næringslivet. Sjå også omtale av [EUs grøne handlingsplan og korona](#) i Stortingets EU/EØS-nytt 16. april i år.

Europaparlamentet er uroa over at krifefullmakter svekkar nasjonale demokrati, spesielt i Ungarn og Polen. I Ungarn har regjeringa fått krifefullmakter på ubestemt tid. I Polen har regjeringa endra vallova og vil avhalde presidentval under krisa. I tillegg er det gjort framlegg om å endre abortlova i ein situasjon der demonstrasjonar i praksis er umogleg. Resolusjonen fordømmer mellom anna forsøk på å bruke krisa til å snevre inn rettar knytt til reproduktiv og seksuell helse, LGBTI-rettar eller stigmatisering av HIV-positive. Ein Europaparlamentarikar frå det polske regjeringspartiet kallar reaksjonane i Europaparlamentet for eit brutalt åtak på regjeringa.

Den endelege resolusjonsteksten omfattar mellom anna følgjande punkt:

- Støtte til dei finansielle verkemidla som Kommisjonen har gjort framlegg om, men understrekning av at ytterlegare tiltak er nødvendig.
- Framlegg om eit permanent solidaritetsfond for å støtte europeiske helsetenester i den vanskelege situasjonen og gjere helsetenestene meir berekraftige framover.
- Meir kompetanse til EUs institusjonar for å sikre meir sameint og rask reaksjon ved framtidige grensekryssande helsetrugslar.
- Tiltak for å sikre at dei interne grensene er opne for viktige varer, felles ordningar for å sikre lager av viktige medisinske verneutstyr og medisinar og meir styrke EU-finansiering av forsking for å utvikle ein vaksine.
- Felles tilnærming til exit frå krisa inkludert massetesting og tilgang til nødvendig smittevernustyr.
- Uro over kriselover som er gjennomført i Polen og Ungarn, og oppmoding om å styrke moglege tiltak mot brot på rettsstatsprinsipp, inkludert budsjettmessige tiltak.
- Tiltak for å hindre spreieing av falske nyheiter knytt til korona-situasjonen.

Parlamentet røysta også over ei rekke koronarelaterte rettsakter. Dette skjedde med skriftleg avrøysting via e-post sidan så mange ikkje kunne vere fysisk tilstade. Vedtaka omfatta:

- Tilslutning til [ein pakke 3 milliardar euro i krisestøtte](#) til helsesektoren i dei medlemslanda som er sterkest råka. Dette skal mellom anna omfatte ei ordning med innkjøp av medisinsk verneutstyr til land som har manglar og tiltak for å sikre verneutstyr og matvarehjelp til fattige og sårbare innbyggjarar og flyktningar.
- Samtykke til å opne for at [struktur- og utjamningsfondet kan brukast meir fleksibelt](#) til å avhjelpe effektar av krisa, inkludert i fiske- og oppdrettssektoren.
- Utsett tidspunkt for iverksetting av den nye [forordninga om medisinsk utstyr](#).

Kommentar

På same måte som mykje av handteringa av koronakrisa skjer på regjeringsnivå i medlemslanda, er det Kommisjonen og Det europeiske Råd som har hatt hovudansvaret for å handtere krisa på europeisk nivå. Dette har ført til at Europaparlamentet naturleg nok er mindre synleg enn dei to andre institusjonane. Så langt har det berre kunne vedta det som Kommisjonen har gjort framlegg om utan å endre på innhaldet. Dette viste også vedtaka og debatten denne veka. Det er likevel semje om at parlamentspresident Sassoli har vekse i rolla og at han gjer ein god jobb. Dialogen og samarbeidet mellom han, Michel og von der Leyen er godt. Det blir vurdert som eit godt utgangspunkt for dei mange vanskelege diskusjonane som nå kjem i samband med gjenreisinga etter krisa.

Debatten om EUs langtidsbudsjett som skal gjelde frå 2021, og debatten om handlingsplanen for grøn vekst (Green Deal) var komplisert før koronakrisa. Det er store skilnadar mellom landa for korleis ulike typar klimatiltak slår ut og kor viktig til dømes forsking, landbruksstøtte eller utjamningsfondet er. Med koronaviruset har det kome enda ein dimensjon det må tas omsyn til når langtidsbudsjettet skal fastsettast. Det er ulikt korleis krisa har råka og det er ikkje dei fattigaste landa som er råka hardast. Det vil derfor bli enda meir krevjande rundar under det tyske formannskapet i haust enn det som var spådd.

Europaparlamentet vil ha korte plenumsmøte i Brussel kvar månad fram til og med juli. Desse vil kombinere fysisk oppmøte for ein del parlamentarikarar, med videodeltaking for resten. Det blir elles arbeidd for å sikre meir normal aktivitet i Parlamentet sjølv om det er færre fysiske møter. Det er denne veka ei rekke komitémøter i Parlamentet, men dagsordenane omfattar i hovudsak orienteringar. Det skuldast mellom anna at det ennå ikkje er på plass system for avrøysting på komiténivå. Medan det i plenum som regel er relativt få endringsframlegg, kan det vere hundrevis av endringsframlegg i komiteane. Det er teknisk komplisert å gjennomføre slike avrøystingar per e-post (slik det er blitt gjort i plenum) for å ikkje å snakke om fulldigitalt. Konferansen av komitéleiarar har vedteke retningsliner for bruk av fjernavrøysting og ulike løysingar blir nå testa ut av komiteane.

Med beste helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no